

# Halling- drom



Lagsblad for Hallinglaget - i Oslo -  
- N.R. 2/09

# **INNHOLD**

<b>Innhaldsliste</b>	<b>side</b>	<b>3</b>
<b>Fyriord</b>	<b>side</b>	<b>4</b>
<b>Hallinglagsnytt</b>	<b>side</b>	<b>5</b>
<b>Kongepokal til Hallingdal</b>	<b>side</b>	<b>8</b>
<b>CD-utgjevingar</b>	<b>side</b>	<b>10</b>
<b>Amerikabesøk</b>	<b>side</b>	<b>12</b>
<b>Jubileumsfest 14. november</b>	<b>side</b>	<b>14</b>
<b>Program for hausten</b>	<b>side</b>	<b>15</b>
<b>Kjende Hallingar</b>		
- Gunnlaug Lien Myhr	<b>side</b>	<b>16</b>
<b>Kjende spelemenn</b>		
- Tor Grimsgard	<b>side</b>	<b>21</b>
<b>Hallingbu, hytta vår</b>	<b>side</b>	<b>22</b>
<b>Folkedanskveldar</b>	<b>side</b>	<b>25</b>
<b>Styret i Hallinglaget</b>	<b>side</b>	<b>26</b>

# Fyriord

Vyrde Godtfolk.

Velkomne til ein ny haust med dansøvingar og moro i Hallinglaget. Hallinglaget er 110 år i år og det blir markert med ein stor jubileumsfest den 14. november. Så set av den kvelden alt no og meld dykk på innan 1. november slik at festnemnda kan berekne kor mykje mat dei skal lage. Det blir småmat og lefsekling! Underhaldninga og dansespelet er me viss på at vil falle i smak, så gå ikkje glipp av denne hendinga. Sjå program lenger ut i bladet. Her blir det både gamaldans og springar, og springar kan ein lære på minikurset vårt den 27. september.

Me har alt hatt den første samkoma i haust. Det var ein kveld der me feira CD'en til Hilde Kirkebøen. Kvelden vart ein suksess med over 30 personar tilstades og minst ti par på golvet heile tida. Fleire ungdomar var også med, då er det moro og det vitnar om at det kan vere liv i laget i mange nye år.

I dette nummeret vil de finne eit intervju med den kjende folkemusikaren og dansaren Gunnlaug Lien Myhr som også har hatt sine aktive år i Hallinglaget. Det er få som har jobba meir seriøst med musikk, spel på hardingfele og langeleik, kveding og song, samt dans enn henne. Hallinglaget sender dei beste helsingane til henne og ynskjer ho lykke til vidare.

NM i Folkemusikk (Landskappleiken + Landsfestivalen) vart halde på Geilo/Ål i juni, og dei kom vel i hamn med eit særslig arrangement trass i at det vart eit særstort stemne. Men været vart bra, med gode resultat for Hallingdal (og Hallinglaget) - for det er mange gode dansarar i dalen. Sjå reportasje lenger ut i bladet.

På Hilmestemnet seinare i sommar dansa og tevla også mange frå Hallingdal og gjorde det bra, mellom anna «jentun» te Gunnlaug og Martin. Desse kjem me utan tvil til å høre meir til i dei kommande åra. Det er mykje på gang i dalen no, og det er komne to plater med slåttemusikk frå Hallingdal berre i år, ved Olav Luksgård Mjelva og Hilde Kirkebøen. Det kjem enno meir av gamalt og nytt på platefronten med tida.

Så få de alle ha dikka ei god dansøkt eller fem, og finne takte der ho sko vera.

## Kos dikkon med Hallingljom!

*Eilev Groven Myhren,  
Bladstyrar.*

## Hallinglagsnytt!

No er det på tide med hallinglagsnytt att, for no er det nytt å melde:

- Renate Nysted Tønnesen fekk ei lita jente 14. april som skal heite Tiril. Terje Stensgård og Renate er stolte og glade og laget gratulerer så mykje. Ved sjølvsyn på Geilo, fekk mange sett er at jenta er minst like vakker som mora. Her var Renate og Øyvind Sandum med i Dans fele senior i sirkusteltet. Dei dansa ein fin springleik som vart verdsett til 90 poeng og 12 plass av heile 41 deltagarar. Svært godt resultat av vårt kjære styremedlem. Me kan også melde at Øyvind vant Durspel/trekkspel klassa!
- Michel Gascoin og Charlotte fekk ein liten gut 8. juni som skal heite Simon. Alt er bra med dei og dei har akkurat flytta inn i ny leilegheit i Nydalen. Sjølv om Michel no har fokus andre stader enn på dans og hytteliv, så får me håpe at han kjem innom laget i ny og ne!
- Hallinglaget i Oslo var nummer 25 av heile 31 lag på Lagdans senior under Folkemusikk NM på Geilo. I fjor slo me 3 lag, i år 6 lag, så me har framgang! Viktigast var at me hadde det moro, ein stor takk til dei tolv som var med. Sjå bildet av laget vårt på ei av sidene som fylgjer.
- Ingunn Stræte Lie og Ulf-Arne Johannessen vann Kongepokalen på Geilo i Dans hardingfele senior. Heilt utruleg bra, alle gleda seg etter finaledansen deira i sirkusteltet på laurdagen. Veldig moro at dei skulle lukkast på heimebane.
- Ulf-Arne vant også formel 1 klassa, Laus senior, framfor alle Frikarane og alle dei andre spreke i den store klassa som i år telte 18 deltagera. For å komme dit måtte han danse kvalifisering, finaledans og danse på Meisterkonserten på sundangen. Det same med springaren saman med Ingunn. At han klarte å halde fokus heile tida vitnar om konsentrasjon og form på eit høgt plan. Ulf-Arne var også aktiv på onsdagen, det vart 2. plass i Lagdans senior, med eit lag samansett av danselaga på Ål og Geilo. Det vart også finalespel i Durspel senior, dei spelte til dansarar på onsdagskvelden. Ulf-Arne fekk ein fin 4. plass, for så spele for oss ein time på Samfunnshuset ved midnatt. Godt at slike karar finst!
- Svein og Kjersti Aasen fekk til sin beste numedalsspringar nokon sinne? på Jørn Hilme stemnet. Aldri har eg sett dei så spreke og leikne, det var så at det fenomenale spelet til Jan Beitohaugen Granli fekk fram det beste i dei (det er normalt). Jan spelte numedalsspringaren Jørjan Surtelia utruleg vakkert. Så det vart andre plass og heile 100 poeng! Dei vart berre slått av:
- Sissel (Flatland) Rudningen og Håkon Tveito med ein utruleg hallingspringar, rein kunst, etter spelet til same Jan som over (egentleg ein flat valdresspringar sa dei som visste det). Sissel er vel den einaste som kan få Håkon på golvet på ein kappleik, dvs Jørn Hilme stemnet, som begge er særslig glade i. Så lenge dei vinn kjem dei sannsynleg att, dei fekk 102 poeng og masse fine premiar.
- Me kan også nemne at Jan Beitohaugen Granli vant Hardingfele senior både på NM i Folkemusikk Geilo og på Jørn Hilme. Og han viser gong på gong at han er ein dansespelemann utanom det vanlege.

- Hallinglaget stilte også i lagdans på Jørn Hilme, for me vart inspirert av alle laga som var påmeldte (11 stk.). Ola R. Imset spelte og fem par deltok, men me måtte nøyne oss med ein delt 9. plass. Men moro var det sjølv om det blåste og regna når me dansa på scena på Valdres Folkemuseum. Håper det var god PR for laget.
- Hallinglaget vart oppfordra av Kaare Wensaas (Geilo), om å underhalde dei som var med på turen til Hallinglaget i Amerika, på hotell Bristol torsdag 6. august! Berit Grøtt Ellefsen tok utfordringa og fekk med Ola R. Imset på fele og hardingfele, to par frå laget vårt som dansa og to til med bunad, som gav dei ei gild oppvisning som fell i smak. Det vart stor suksess og gode kontaktar vart knytte. Alle som deltok fekk påspandert middag. Du kan lese meir om denne hendinga ein annan stad i dette bladet.



Vår eigen spelvinne Hilde Kirkebøen gav ut CD-plate under Folkemusikk NM på Geilo, til stor jubel og mykje glede. CD-en heiter Tjednbalen og inneholder mange framifrå danseslåttar, slike som me kjenner!

Det var kjempemoro at Hilde fekk til denne utgjevinga, CD-en er å få kjøpt av henne og av Hallinglaget. Du kan lese meir om CD-en og om CD-sleppet her i Hallingljom.

### Hallinglaget har CD-ar til salgs:

Cd-ar til salgs:	År	Informasjon	Pris
<b>Tjednbalen</b>	2009	Hilde Kirkebøen, Hardingfele	kr. 150,00
<b>Spelemann &amp; låttesmed</b>	2003	Embrik Bergaplass, Torader	kr. 150,00



Hallinglaget i Oslo stilte på lagdans onsdagen under Folkemusikk NM på Geilo. Takk til alle dei som deltok, spesielt til Øyvind Brabant som spelte for oss.

Framme frå venstre: Svein Aasen, Else Mohn, Bergitte Kjosvatn og Sigbjørn Galdal.

Midtre "rad": Jon Aarekol, Berit Grøtt Ellefsen, Elin Berget, Øyvind Brabant, Ingrid Eidsmo, Grete Iversen og Olav Arne Løstegård.

Bak frå venstre: Oddmund Vestenfor og Terje Grangård.

Moro at det vart tatt bilde av alle laga rett etter dansinga, for det er jo ikkje lett å samle ei slik fargerik forsamling etter at det har gått ei tid.

## Kongepokal til Ingunn og Ulf-Arne!

Fantastisk moro, det vart Kongepokal til Ingunn Stræte Lie og Ulf-Arne Johannessen i Dans Hardingfele klasse senior. Det var denne klassa som hadde den gjævaste premien under årets Folkemusikk NM på Geilo. Og så slo dei me kjenner best til med første plass til Hallingdal, med ein forrykande hallingspringar. Sjølv om det oppsette sirkusteltet (for dans) truleg ikkje hadde det beste dansegolvet, så såg det ikkje ut til å hemme dei så veldig. Jubelen sto i taket både i teltet og på scena under Meisterkonserten på sundagen då resultatet vart kjend. Det som gjorde at dei vant var nok den kjempegode jentedansen til Ingunn saman med Ulf-Arnes fenomenale stunt! Dei som er nysgjerrige på dansen deira får eit visst inntrykk av videoklippet som er lagt ut på youtube.com, der ein kan søke på 'ingunnlie'.



Det er ikkje enkelt å vinne dans senior. I år var det både kvalifisering og finaledans! Og dei som vant måtte også danse på Meisterkonserten.

Luftig dans på Meisterkonserten!  
Det var fart og spenst i hallingspringaren til Ingunn og Ulf-Arne.

Arne Anderdal spelte!  
Leve hallingspringaren...



Det vart fleire intervju og kos etter Meisterkonserten. Her er Ulf-Arne og Ingunn i prat med Hallingradioen sjølv, Knut Medhus.

Det vart mange fine innslag frå Geilo, i Hallingradioen og i den gode lokalavisa vår Hallingdølen.

Hallinglaget sin sjefsfotograf, Svein Aasen, fekk tatt mange fine bilde som eg synes me må ha med av våre venner som klarte å ta heim ein Kongepokal til Hallingdal. Sist det skjedde var når Gunnlaug Lien Myhr og Håkon Tveito vant Dans hardingfele i 1995.



Endeleg kunne dei puste ut etter Meisterkonserten, med den blanke og fine Kongepokalen. Dei fekk ein på deling, så den må dei dele på etter beste evne.

Hallinglaget gratulerer Ingunn og Ulf-Arne så mykje med den fantastiske innsatsen.



Enno eit bilde av dei to gode dansarane frå Ål.

"Moro at dei fekk tatt seg ein dans som trening på øvinga i Hallinglaget den 7. januar i år!"

Ikkje rart at me er nøgd med desse stjernene, dei har gjeve masse inspirasjon til dansemiljøet her i Oslo også.

## To plateslepp med hallingspel i 2009!

Det er gjeve ut to CD-plater med kjempebra hallingspel i 2009. Ein stor takk til Arne Fredriksen, leiar i Etnisk Musikkforlag, som har gjeve desse CD-platene som viser spennvidda i hallingspelet. Vår eigen spelvinne Hilde Kirkebøen hadde CD-sleppet sitt under Folkemusikk NM på Bardøla Høgfjellshotell torsdag 25. juni kl. 19.30. Det var mange kjende til stades og det fine spelet til Hilde skapte den varme og gode stemninga som me er vane med frå springarøvingane våre. Det var trampeklapp og mykje moro for dei frammøtte, og Hilde selde CD-plater som berre det. Eg vil sakse inn nokre av dei fine orda som var brukt i programmet for Folkemusikk NM og som delvis er teken frå plata til Hilde – for det kan ikkje seiast betre (- teksten er omsett til normalisert nynorsk):

”Hilde er ein utøvar på hardingfele som i dag meistrar dansespelet frå Ål i Hallingdal på ein glimrande måte. Kjenneteiknet er sugerande dynamisk dansespel med rytmisk snert og glød i framføringa. Ho klarer å få godt fram det særeigne suget i det lokale dansespelet som gjer at dansarane elskar henne. Ho vaks opp i Ål i Hallingdal og er arvtakar etter sin store læremeister Jens Myro og ho er også ein framifrå dansar sjølv, noko som nok bidreg til det fine spelet. Hilde har også lært mykje av andre gode spelemenn, slike som Øyvind Brabant, Egil Syversbråten og Magne Myhren, men har stadig utvikla spelet sitt og er no ei spelvinne som er særleg ettertrakta til dansespel rundt omkring og er ein ypparleg representant for spelet i Hallingdal. Ein del av slåttane har aldri tidlegare vore dokumentert på CD og albumet dokumenterer på ein strålende måte ein utøvartradisjon av ei relativ ung moderne spelvinne av i dag . Hilde flytta til Oslo i 1994 og har betydd svært mykje for Hallinglaget og hallingkulturen i hovudstaden og har vært den faste spelvinna til Hallinglaget sidan ho kom til byen.”




CD-plata til Olav Luksengård Mjelva var deltakarpremien på Geilo og er allereie innkjøpt at biblioteka! Så kanskje det kan blir ein spelemannspris? Eg saksar frå det gode programmet for Folkemusikk NM:

”Det er langt mellom Røros og Hallingdal, og musikken er ganske så ulik i både melodi og form. Det mest openbare er at ein bruker fele på Røros og hardingfele i Hallingdal. Likevel har musikken fleire fellestrek. Med mykje tostrengs-spel og hyppig bruk av dobbelgrep, ligg Rørosmusikken nærmare hardingfelestilen enn dei fleste andre flatfeletradisjonar. Felles med Hallingdalstradisjonen er det kraftige spelet med fokus på driv og rytme.

Glåmostradisjonen vaks eg så og si opp med, med øvingar kvar veke i ”Litjhurven” hos Mary og Olav på Trollhaugen. Seinare vart eg med i Glåmos spellmannslag. Etter kvart som eg vart eldre oppdaga eg at Glåmostradisjonen berre er ein av mange tradisjonar i Røros, Feragen, Kvernangen, Tamneset, Brekken, Orvos, Galåen, Røros sentrum m.m har hatt ganske så ulike spelstilar. Dette har interessert meg meir og meir dei siste to åra, og du finn nokre eksemplar på denne plata.

Under oppveksten var eg mykje i Hallingdal, og budde også der eit år då eg var liten. Då eg begynte på Ole Bull Akademiet fekk et tilbod om eit bi-instrument. Eg har alltid hatt ein tanke om at eg må ha tilhørighet til musikken eg spelar for verkeleg å kunne meine noko med det, og då var hardingfela og Hallingdal eit naturleg val. Heldigvis vart eg veldig godt motteke i miljøet der etter nokre øvingstimar, og det har gitt meg utruleg mykje (og gjer det heldigvis enno). CD-plata inneheldt eit utval av mine favorittlåtar frå Røros og Hallingdal, så god fornøyelse!



## Amerikabesök!

Tirsdag 4. august vart Terje Grangård oppringt av Kaare Wensaas frå Geilo - han hadde besøk av Hallinglaget i Amerika. Amerikanarane (omlag 15 personer) var på et 14 dagers besøk i Norge for bl.a. å treffe slektninger. De skulle avslutte turen med noen dager på Hotel Bristol i Oslo - før de returnerte til Amerika. Når de var i Oslo, ønsket de å treffe noen som representerte Hallinglaget i Oslo - på torsdagen!

Da Terje var på ferie, fikk jeg som nestleder oppdraget.

Jeg ringte først Ola for å sjekke muligheten for å få til en dans eller to - og han var som alltid positiv - vi hadde MUSIKK!!

Else, Svein og Oddmund sa også ja - dermed var vi to dansepar (flere var det nesten ikke plass til på det knøttlille dansegulvet).

Så staset vi oss opp - i bunad og finklær - og ble svært godt mottatt av amerikanerne med Carroll Juven i spissen.



Berit i trivelig prat med lederen for Hallinglaget i Amerika, Carroll Juven.



David Hilde og kona Lorrie. David har mange slektninger i Flå og var der noen dager under oppholdet i Norge.

David snakker veldig godt norsk med dialekt fra Flå. Kanskje vi kunne få han til å skrive noen ord på norsk til oss?

Lisbeth Imset tok jobben som "konferansier" på strak arm - dette KUNNE hun - introduserte oss alle - fortalte om forskjellene på bunadene - litt om de forskjellige dansene - tradisjoner - proff! Vi danset hallingspringar, numedalsgangar og pols, etterpå fordele vi oss på bordene og pratet med gjestene - de var kjempefornøyde med Norgesbesøket, syntes de hadde fått oppleve mye. De var blitt svært så godt mottatt i Hallingdal, og hadde hilst på alle ordførerne i dalen. Én av gjestene, Yvonne Wolsmann, har skrevet en fin blogg - med bilder og beskrivelser av turen:

[yvonneinnnorway@blogspot.com](mailto:yvonneinnnorway@blogspot.com).



Fra venstre ser vi:

Lisbeth Imset, Ola R. Imset, Oddmund Vestenfor og Berit Grøtt Ellefsen. Fire av dei som representerte Hallinglaget i Oslo.



Her ser vi de som danset en flott hallingspringar for gjestene fra Amerika.

Fra venstre Berit Grøtt Ellefsen, Svein Aasen, Oddmund Vestenfor og Else Mohn.

Etter dansen ble vi alle invitert på middag - deilig løksuppe, laks og creme brulet med kaffe, vi fordele oss rundt på bordene slik at alle fikk amerikanere til bords.  
Vi har fått gode tilbakemeldinger - og nå har vi stående invitasjon: Carroll Juven vil ta godt i mot oss, og arrangere, slik at vi treffer flest mulig "hallinger".

- Kanskje skal vi i Hallinglaget arrangere amerikatur????

Berit

# **110 års jubileumsfest Hallinglaget i Oslo**

**laurdag 14. november 2009, kl. 18.00  
i Nordahl Bruns gate 22, Oslo**

Bordsete - Småmat og lefsekling  
- Kaffi og kaku  
- Høveleg drikke

Konsert – Gjesteartistar frå Hallingdal og byen.  
Dansespel - Bygde- og gamaldans

Har du instrument – ta det med!  
Har du bunad – ta den på!

Pris kr. 300,- / 250,- (medlemer)

Påmelding innan 1. november til:

Terje Grangård / [grangard@c2i.net](mailto:grangard@c2i.net) / 482 04 652  
Berit Ellefsen / [berit.ellefsen@dnb.no](mailto:berit.ellefsen@dnb.no) / 480 40 062

# **Program i Blåsalen, Nordahl Bruns gt. 22.**

## **Det er springardansing desse onsdagane:**

- 2. sep. CD-fest for Hilde/**  
Springardansing frå kl. 19.00 – 22.00 i Halli!
- 16. sep.** Springarøving kl. 19.00 i Blåsalen.
- 30. sep.** Springarøving kl. 19.00 i Blåsalen.
- 14. okt.** Springarøving kl. 19.00 i Blåsalen.
- 28. okt.** Springarøving kl. 19.00 i Blåsalen.
- 11. nov.** Springarøving kl. 19.00 i Blåsalen.
- 25. nov.** Springarøving kl. 19.00 i Blåsalen.
- 9. des.** Juleavslutning kl. 19.00 i Blåsalen.  
Utdeling av diplom til ihuga dansarar

## **Andre viktige hendingar dette halvåret:**

**Sundag 27. september: Minikurs i hallingspringar,**  
**før Folkedanskvelden kl. 18.00.** Ola R. Imset spelar.  
Det blir instruksjon i ein og ein halv time, og det blir  
springardans ein ekstra time etter kurset. **Møt opp!**

**Helga 5. – 6. september: Hausttur til Hallingbu.** Bli betre kjend  
i Lillomarka. Grilling og peiskos. Interesserte må melde seg på til  
laget slik at turen kan samordnast.

**Laurdag 14. november: 110 års Jubileumsfest i Hallinglaget.**  
Gild festkveld med bordsete, småmat og lefsekling, program og dans,  
både gamaldans og og hallingspringar. Mykje bra musikk på hardingfele,  
torader og trekkspel. Moroa varer frå kl. 18.00-01.00.  
Overraskingar, ta med instrument.  
Pris for medlemer kr. 250,-, kr. 300,- kr. for andre.  
Påmelding pga. mat og lukka selskap **innan sundag 1. november.**

**Sundag 29. november:** Hallinglaget er tilskipar av Folkedanskvelden  
frå kl. 19.30. **Best før ...** og Ola R. Imset spelar.

**VELKOMNE SKAL DE VERA!**

Meir info. på [www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net)

## Kjende Hallingar



### Gunnlaug Lien Myhr

Født 1961

**Folkemusikkgranskare,  
kulturarbeidar,  
musikar og dansar.**

Har vore med på og gjeve ut ei rekke CD-plater.

Bildet er frå Geilo i vår.

Fotograf: Terje

#### Fakta:

- Namn:** Gunnlaug Ragnhild Lien Myhr  
**Født:** 4. september 1961  
**Gift med:** Martin Myhr, født 1960.  
**Barn:** Margit f. 1990, Sina f. 1992 og Helga f. 1995.  
**Bustad:** Torpo i Hallingdal  
**Foreldre:** Margit og Hans Lien frå Grønlio.  
**Sysken:** Lars f. 1948 som driv garden i Grønlio, Ragnar f. 1960.  
Arne f. 1950 omkom altfor tidleg i ei bilulykke i ungdomen.  
**Utdanning:** Gymnaset på Gol, musikklinja på Voss folkehøgskule, deretter studiar ved Universitetet i Oslo. Faga var musikk storfag, folkeminne grunnfag og idehistorie grunnfag. (ho hadde hardingfele som hovudinstrument).  
**Yrke:** Frilanse folkemusikar, ved sida av privat og kommunal undervisning (Ål kulturskole). Underviser i hardingfele, langeleik, kveding og folkedans (i regi av Hugnad Ungdomslag på Torpo).

Gunnlaug Lien Myhr står som ein bauta i norsk folkemusikk. Ikkje berre har ho sjølv vore ein aktiv folkemusikar og dansar i ein mannsalder, men ho og mannen Martin Myhr har lært opp ein ny generasjon med ungdom i Hallingdal. For det fekk Gunnlaug og Martin Kulturprisen for Ål i 2001. Det var fortent!

Fyrst litt fakta om alle CD-utgjevingane Gunnlaug har vore med på:

Gunnlaug var tidleg ute med å arrangere fleirstemt kveding og vokalarrangering av slåttar. Stor suksess hadde ho med "Tiriltunga", ei vokalgruppe som gjorde det stort på 80-talet. Dei som syng saman med Gunnlaug er Kari Lønnestad og Heidi Løvlund, begge frå Bø i Telemark. LP-plata "Tiriltunga" frå 1985 vart nominert til Spelemannspris i 1986 og fekk mykje god omtale.

I 1992 kom plata "Det er tungvindt fri" ut. For nye generasjonar kom ein kjøpe samle-CD'en frå 2003 med det beste som heiter "Kåte ungdomsdagar". Den er kjempebra.

Gunnlaug har vore med på fleire samleplater, men dei ho har stått for sjølv- ved sida av Tiriltunga-platene er:

1996: "Vil du vera vennen min", CD med fem kvedarar frå Hallingdal + nokre instrumentalistar (Bodil Haug, Torill Stave, Liv Tanche Larsen, Inger-Marie Lien Rust).

1996 "Hallingtonar" CD saman med Egil Syversbråten på hardingfele.

2004 "Perler på ei snor" Dobbel-CD med mykje "nytt", d.v.s. gammalt sangstoff frå Hallingdal som har liggje gjøymt og gløymt. Denne vart også spelemannsprisnominert.

I desse platene syner Gunnlaug mykje av songskatten i Hallingdal. Det som har vore drivkrafta og tilfredsstillinga med å gje ut plater, er sjølvsagt at ho har fått store musikalske utfordringar som kvedar, men like viktig er det at ho har blest liv i og auka repertoaret til den vokale folkemusikken i Hallingdal.

Gunnlaug flytta til Oslo for å studere og arbeide i 1982, der ho også snart vart med i Hallinglaget. I 1989 gifta ho seg med tryslingen Martin Myhr, som i dag er ein av Frikarane. Martin har klart å livnære seg som dansar, skodespelar og instruktør sidan.

I 1990 flytta dei frå Oslo til Grønlio, der dei budde på garden til 1994. Då kjøpte dei seg huset på Torpo som dei har budd i sidan. Og etter det har Torpo vore sentrum for mykje av folkemusikkaktivitetane i Hallingdal.



Brudebildet frå 1989.

Gunnlaug og Martin skipa til eit durabeleg bryllaup på Gol, der også Styret i Hallinglaget den gongen vart beden med. Det var eit tredagars bryllaup, med dansefest/ bli kjend fest på Vonheim på Gol fredagen, sjølve dagen laurdag vart feira på Skaga Folkehøgskole og frukost / lunsj hos mor Margit i Grønlio på sundagen.

Ein kunne ha skrive ei heil bok om alt som skjedde i desse dagane, underteikna kom no i all fall skikkeleg med i dansemiljøet!

Gunnlaug turnerte for Svenske og Norske Rikskonsertar med fleire turnear i året i perioda 1985-1994.

Gunnlaug har vore med på dei fleste Landskappleikar sidan 1979, og ho har vore på topp i dans i to tiår! Ho har vunne A-klassa i dans hardingfele heile fire gonger; i 1993 og 1995 saman med Håkon Tveito, og i 1997 og 2000 i lag med Geir Helge Espeset. I tillegg kan ho som ho sa kanskje skilte med flest 2.plassar? Etter ein rask gjennomgang i tidsrommet 1988-2004, kom ho til mellom 6-8 plasseringar av det slaget, så ho er fornøgd med det! No er det jentene hennar som skal ta over.



Fotograf: Svein Aasen.

Her dansar Geir Helge Espeset og Gunnlaug på Landskappleiken på Oppdal i 1999 (2. plass). Dei var eit legendarisk dansepar som hevda seg i toppen i mange år. Hallinglaget var så heldige å ha dei som kurshaldarar i 1999. Det vart ei sjeldan gild dansehelg då også Laget for Folkemusikk hadde stor dansefest i Arbins gate.

I nyare tid er Gunnlaug også kjent for at ho er med i gruppa "Herr Ole", som er ei gruppe som spelar arrangert folkemusikk, mykje basert på vokale prestasjonar. Her syng Gunnlaug saman med Knut og Ole Aastad Bråten frå Valdres og Hege Nylund frå Trysil. Denne gruppa har gjort det bra i Open klasse og dei var med på Folkelarm for nokre år sidan og gjorde seg bemerkta.

Gunnlaug og Martin har fått alle jentene sine til å bli interessert i folkemusikk, song og dans. Ja, det er beint fram utruleg kor dyktige dei er og det i fleire "greiner". Fyrst ut var naturleg nok Margit, på Landskappleiken på Oppdal var ho til døme med i 6 klassar og fekk fire fyrsteplassar og to andrepllassar (vokal c 1. plass, hardingfele c 2. plass, dans h. fele c 1. plass, lagspel junior 2. plass, langeleik samspel 1. plass, lagdans junior 1. plass).

Sina går i dag på Folkemusikklinia på Vinstra, der dei samstundes lærer folkemusikk. Ho dansar som mor si og vant på Jørn Hilme i år. Unge Helga (14 år i sommar) spelar hardingfele som ein vaksen. Det er mest så ein kvekk til når ein høyrer ein så ung utøvar spele så bra. Så har dei hatt gode læremestrar også, men korleis får dei tid til alt? Mykje har dei nok lært i heimen av foreldra, og Olav Luksengård Mjelva har leia det unge spelemannslaget i Hallingdal dei siste åra, det har også gjeve inspirasjon!

Gunnlaug sa til meg at dei bevisst har valt å ta med ungane på ulike tilskipingar i folkemusikk, slik som Landskappleiken, Jørn Hilme og sjølvsagt Folkemusikkveka. Ho og Martin har alltid synes det har vore triveleg å ha med ungane på kappleik frå dei var små, og alle kan no sjå at dei har veldig stor glede av å vera ein del av dette miljøet.



Her er familien Myhr avbilda for eit par år sidan. No er dei fem!

Jentene har vokse til og er snart vaksne. Dei er alt utlærte folkemusikkutøvarar.

Fra venstre ser me Margit, Sina og Helga i sine finaste bunader.

Dei kan kle seg i Hallingdal!

Også for Hallinglaget har Gunnlaug gjort ein kjempeinnsats. Ho var med å fekk laget på beina att etter dvalen i 70-åra. Ho var leiar i Hallinglaget frå 1984 -1990, og fekk lært opp ein ny gjeng med folk slik at hallingspringaren igjen kunne gå føre seg i Nordahl Bruns gate. Det har den gjort sidan. Dette gjeld også underteikna, som var blitt kasserar i 1984. Eg skulle berre innom for å ta inn pengar for kurset, men så var det ein kar for lite og då sa Gunnlaug: "Du ska danse!" - og eg torde ikkje anna - for ho hadde ei viljestyrke av stål alt då, og ei positiv utstråling. Gunnlaug fekk med seg vene og kjende i laget og var ikkje redd for å ta i eit tak. Til døme då Hallingbu skulle beisast i 1984, då stilte ho opp. Så på ei helg det året beisa Gunnlaug, Olav Berg og eg hele bue trill rundt og redda kledningen og hytta. Den gamle beisen kunne børstast av og her viste Trebitt Beis seg som reklamen seier. Laget har nokre artige bilete frå denne tida, altså frå 1984:



Olav Berg og Gunnlaug i aksjon på sørveggen, der kunne den gamle beisen børstast av! Og den nye beisen saug seg inn i borda så det susa ...



Gunnlaug i peiskroken, med kaffi og bundingen sin. Jammen fekk ho tid til å strikke litt på turen òg!

Elles kan Gunnlaug alt om ungdomsarbeid og lagsdrift. Det viktig å vere tålmodig sjølv om det er därleg oppslutning, og det er viktig å jobbe langsiktig. Det kan vel alle som arbeider med slikt skrive under på.

*Terje Grangård*

## **Tor Grimsgard – spelemann i ei brytningstid.**

Tor Grimsgard vart fødd på Brattested i Nes den 29. mai 1853. Far hans var Helge Fingarson Brattested, mora var Jørand Helgesdotter. I unge år skreiv han seg Tor Brattested, til han seinare kom til Grimsgard i Nesfjerdingen, og vart heitande Tor Grimsgard. Han var konfirmert som Tor Høljesen i Nes kyrkje den 14. juni 1868, med godkjend attest.

I oppvekståra vart han påverka av spelet til Gudbrand Skjellerud og Kittil Geiterygg, men og av spelemenn frå Krødsherad og Numedal. Nes har støtt vore gjennomtrafikert, og denne delen av dalen låg open for impulsar frå sør, aust og vest. Med tida vart Grimsgard den førande spelemannen i denne delen av Hallingdal. Alt i unge år vart han vidspurd, og vart ofte beden om å spela så langt unna som i Hol. Det var kjend at Grimsgard var påliteleg, og heldt seg for det meste edru. Soleis vart han den mest etterspurde spelemannen i dalen på den tid, ettersom Ola Dekko, som elles hadde ord på seg for å spela endå betre dansespel, gjerne kunne drikke seg full og skapa uro i laget. Dette visste festlyden aldri ville hende med Tor Grimsgard. Om laget var serskild fint, spurde dei helst han Tor. Av di Grimsgard dekte heile dalen, vart spelet hans og spreidd frå Nes og oppetter. Han vart ei av dei førande kjeldene for Sevat Sataøen, som hadde fleire slåttar etter han, mellom dei Storeslåtten (Nes-forma. Sataøen spela og slåtten i tradisjon etter Ola Dekko).

Tor Grimsgard har gjord mykje for rikdomen i hallingspelet. Han førde inn ei lang rekke slåttar frå Krødsherad og Numedal, og han bygde ut mindre slåttar som fanst frå før. Sogene syner at han vore ein medveten spelemann, som og tok vare på eldre slåttar frå Nes, slike som høyrd til i heimemiljøet hans. Springaren Kittil Geiterygg er kalla opp etter ein av spelemennene i generasjonen før, som Grimsgard nok har møtt fleire vender.

Grimsgard lyt ha vore kjend som storkult heller tidleg. Soga om Krullafuru, som lyt tidfestast til 1881, minner om at Tor Grimsgard har vore om lag 28 år då dette slåttebytet fann stad i Rukkedalen (Ola A. Strand er registrert som utflytt frå Ål den 25. mai 1881. Han er då 21 år gammal. Ola og Tor Grimsgard møttest på Nes sundagen same veka – Tor var på denne tida 28 år. Dei to møttest på Nes den 29. mai 1881). Grimsgard var då vidspurd så langt borte som Ål, sidan Ola A. Strand, seks år yngre, leita han opp denne dagen. Forma av krullafuru som er nytta i dag, skriv seg frå Ola Dekko, som og lærte slåtten av Grimsgard.

Omdømet hass Tor var sopass at han vart valt ut til å spela for kong Haakon VII då Bergensbanen skulle opnast på Nesbyen i 1909. Ved det høvet spela han den springaren som har vore kalla Kongelåtten i alle år sidan. Han er og kjelde til den slåtten som er kjend som «nitjan hundre og fem», ein variant av springaren Kolsrudn. I åra mellom 1890 og 1910 har Tor Grimsgard truleg vore den førande spelemannen i Hallingdal, og er berre jamlika med Ola Dekko. Desse to gjorde mykje for å forme ut hallingspelet i mange år frametter. Arne Bjørndal samla slåttar hjå Tor Grimsgard i 1919, men Hardingfele-verket har ikkje trykt opp meir enn tre slåttar beint etter han, ein variant av Eglefisken, Grimsgarden (nitjanhundreog fem), og ein variant av Sylkjegulen.

Av læresveinane hans Tor lyt me nemne Sevat Sataøen som den mest pålitelege kjelda. Elles påverka han Jørgen Husemoen og Kristian Sjong på Nes. Husemoen var elles søsterson hass Tor. Grimsgard døydde i 1934, vel 81 år gammal.

*Eilev G. Myhren*

## **Medlemspengar i Hallinglaget for år 2009**

Fullt medlemskap for vaksne: **kr 350,-**

Fullt medlemskap for studentar og ungdom **under 26 år: kr 200,-** Merk!

For bimedlem, dvs. hovudmedlem i anna BLS-lag: **kr 175,-**

Medlemskap for barn under 15 år: **kr 100,-**

Bankgiro innbetalingskort ligg vanlegvis ved fyrste sendinga etter nyttår. Laget treng pengar for å klare seg, så bruk innbetalingskortet! Betal helst snarast råd, dvs. i fyrste kvartal. Hugs alltid å skrive på namn på innbetalingskortet, for elles blir det unødig bruk av tid og krefter i laget for å finne ut kven som har betalt!

Hallinglaget sin konto i Cultura Bank er **1254.05.18988**.

---

### **Medlemskap i Hallinglaget gjev deg desse fordelane:**

- Reduksjon i pris på alle samkomer i Hallinglaget, som skipar til lagskveldar og øvingskveldar i hallingspringar.
  - Rimeleg leige av Hallingbu, hytta vår i Lillomarka med plass til 15 personar.
  - Lagsavisa Hallingljom to gonger i året.
  - Reduksjon i pris på Det norske Teatret mot å syne medlemskort.
  - Redusert pris på Folkedanskveldane i Nordahl Bruns gt. 22. Kvar sundag er det gammaldans, bygdedans, songdans og evt. turdans frå kl. 19.30–23.00.
  - Informasjon om andre folkemusikktildelingar i hovudstaden (post/meldingsliste). Redusert pris på kurs i hallingspringar som laget skipar til. Vanlegvis er kurshelga om hausten.
- 

## **MINIKURS i HALLINGSPRINGAR**

**Sundag den 27. september i Halli kl. 18.00**

Instruksjon frå 18.00 – 19.30 ved Oddmund Vestenfor og Else Mohn.

Dansespel ved spelemannen Ola R. Imset.

Frå kl. 20.00: Hallingspringar ein ekstra time.

Kom aleine, som par eller fleire i fylgje. Dansarane i Hallinglaget er mobilisert!

Inngangspengar: 100 kroner som gjeld for heile Folkedanskvelden.

Hugs at det kvar sundag er Folkedanskveld i Nordahl Bruns gate!

Ta med danseskoe og kom og dans! Alle er velkomne.

# **Sumarturar til Hallingbu**

## **Dugnadstur 5-6 juni**

Me har fått til to fine turar til Hallingbu i summar.

Fyrste turen til skogs gjekk 5-6 juni der me til saman vart 9 personar: Elin, Bente, Ingrid, Terje, Svein, Hans, Trond, Else, og Oddmund som kom opp laurdagen.

Me hadde ein fin fredag ettermiddag og kveld, med god mat, bad i Ormtjern og godt med varme i hytta utover kvelden.

Elin, Bente og Ingrid vandra ned att og heim i den ljose sumarnatta, mens me andre valgte å bli over.

Laurdagen vart det felt eit par av stokkane som allereie stod meir eller mindre nedfelt langsmed stien nedanfor hytta.

Og så blei det full omrokking i skjulet. Trond tok ansvar for nytt system i vedstablinga der inne og mykje rusk og rask vart båre ut og brent opp ute på bålet.

Eg måtte nedatt midt i sjauinga, og var sjølvsgårt spent på resultatet.

Det meste av veden ute blei og saga og kløyvd opp.

Me har nok ved!



*Her er me i gang med vedproduksjonen!  
Frå venstre Else Mohn, Trond Roseth og Terje Grangård.*

## Spikjikjøttur 17 juni

17 juni drog me opp til hytta att for den årlege Spikjikjøtturen.



*Her var det nok mat! Frå venstre Archie Nilssen, Else Mohn, Hans Kilen, Trond Roseth, Berit G. Ellefsen, Terje Grangård, Ingrid Eidsmo og Bente Karlssen.*

Berit og Archie hadde reist opp i førevegen og det vart velkomsten sin og bli møtt av ein smilande nestleiar med mann på tunet! Og me som vart møtt var: Terje, Ingrid, Svein, Hans, Trond, Bente og Else.

Det fyrste eg gjorde var å titte inn i skjulet, og her så eg at det hadde vorti utført framifrå arbeid - fine vedstablar, oversikteleg og ryddig.

Så blei det bad i tjernet denne gangen òg, og spikjimat på vollen.

Eg skal gi Terje rett denne gongen; Ja, det vart i overkant mykje mat. Og så hadde Archie ordna med bakkels - mykje bakkels til kaffien! Den tok me inne i hytta med fyr på peisen.

No har det seg slik at Berit sit med uante mengder av det finaste blåstripa bomullsstoff som me tenkte bruke litt av inne i hytta.

Me måla derfor opp storleiken på glasa og benkane, og med tid og stundar gjer me eit innhogg i stoffa hennar- og Hallingbu vil framstå som ei lita "Carl Larsson stugu".

Det er så fint å væra på hytta øvst oppe på haugen. Eg tenker støtt at her skulle eg ha vori meir og lenger.

Godt er det da å veta at Hallingbu står der og ventar på desse stundene.

*Else*

# Folkedanskveldar hausten 2009

**Gammaldans/turdans/songdans i Storsalen, og supertilbod på minikurs i Blåsalen!**

**Velkommen til folkedanskveld i Nordahl Bruns gt 22 i Oslo.**

Dato	Storsalen kl. 19.30 -22.45	Halli, minikurs 1800-1930	Arrangør lag
6. sep	Husk gammeldansorkester		Numedalslaget i Oslo
13 sep	Østerdølenes spellmannslag		Rundsnuen Danselag
20. sep	Veggpryden	Stildans	Leikarringen Symra
27. sep	Steinsgårdskroken	Hallingspringar	??
04. okt	Tonje & Stein Magne		Rundsnuen Danselag
11. okt	Vegar Vårdal og Åsmund Reistad, frå kl. 20.00		Bygdelagskoret
18. okt	Bjørgo/Midtsveen/Velsand	Bingsjöpolska	Oslo Songdanslag
25. okt	Fanteladdane	Polsdans frå Finnskogen	Hordaringen i Oslo
01. nov	Bærum spellemannslag	Valdresspringar	Valdreslaget i Oslo
08. nov	Farande Fant	Stildans	Leikarringen Symra
15. nov	Stomperudlaget	Magedans	Hordaringen
22. nov	Spelemannslaget De frilynde	Boda-polska	Sogn- og Fjordaneringen
29. nov	Best før ...		Hallinglaget i Oslo
06. des	Rusten & Stensgård		Rundsnuen Danselag

## Inngang folkedanskveld:

Medlemmer kr 80,- / ikke-medlemmer kr 120,-

## Inngang minikurs:

Medlemmer og ikke-medlemmer kr. 100,- *inkluderer påfølgjande folkedanskveld*)

**Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!**

**Bygdelagssamskipnaden**

**Les meir på: [www.bl.no](http://www.bl.no)**

e-post: [bls@online.no](mailto:bls@online.no)

Sal av kaffi og vaflar! Alkoholfritt miljø! Alle er velkomne!

**Bygdelagssamskipnaden**

Nordahl Bruns gt 22, 0165 OSLO

e-post: [bls@ungdomslag.no](mailto:bls@ungdomslag.no)

## **Styret i Hallinglaget 2008–2009**

<b>Leiar:</b>	Terje Grangård Hoffsveien 45 B, 0377 Oslo	Tlf.: 2252 2267 – heime 4820 4652 – mobil E-post: <a href="mailto:grangard@c2i.net">grangard@c2i.net</a>
<b>Nestleiar:</b>	Berit Grøtt Ellefsen Gåserudgata 2A, 3032 Drammen	Tlf: 4804 0062 – mobil E-post: <a href="mailto:berit.ellefsen@dnbnor.no">berit.ellefsen@dnbnor.no</a>
<b>Kasserar:</b>	Elin Berget Slemdalsvingen 17, 0776 Oslo	Tlf: 9801 9910 – mobil E-post: <a href="mailto:elinberg04@hotmail.com">elinberg04@hotmail.com</a>
<b>Skrivar:</b>	Ola R. Imset Ignaveien 129, 1912 Enebakk	Tlf: 6492 6336 – heime 9013 3907 – mobil E-post: <a href="mailto:ola@imset.net">ola@imset.net</a>
<b>Medlemer:</b>	Else Mohn Strømsveien 25, 0658 Oslo	Tlf: 9587 9270 – mobil E-post: <a href="mailto:helsemor@hotmail.com">helsemor@hotmail.com</a>
	Renate Nysted Tønnessen Vallefaret 16, 0663 Oslo	Tlf: 9955 2650 - mobil, E-post: <a href="mailto:renatenysted@yahoo.com">renatenysted@yahoo.com</a>

## **Bladstyre for Hallingljom:**

**Leiar:** Eilev Groven Myhren Tlf: 9056 3657 – mobil  
Bertramjordet 60, 1251 Oslo E-post: [eilevgmyhren@yahoo.com](mailto:eilevgmyhren@yahoo.com)  
**Medlemer:** Svein Aasen og Terje Grangård.

**Medlemer:** Svein Aasen og Terje Grangård.

Stoff til Hallingljom kan sendast til Eilev G. Myhren eller til ein i Styret.

## Hyttestyre for Hallingbu:

**Leiar:** Else Mohn  
Strømsveien 25, 0658 Oslo  
**Tlf:** 9587 9270 – mobil  
**E-post:** [helsemor@hotmail.com](mailto:helsemor@hotmail.com)

**Medlemer:** Bård Kyrkjedelen, Hilde Kirkebøen, Ingrid Eidsmo og Michel Gascoin.

**Revisor:** Alix Cordray **Tlf.:** 2225 2949

**Valnemnd:** Svein Aasen, Grete Iversen og Sigbjørn Galdal.

**Hallinglaget på nettet:** Nettadressa er:[www.hallinglaget.net](http://www.hallinglaget.net)

Ansvarleg for nettsidene: Terje Grangård

Sjå også: [www.bl.no](http://www.bl.no), [www.folkedans.com](http://www.folkedans.com), [www.folkemusikkscena.no](http://www.folkemusikkscena.no) og [www.dans.laus.no](http://www.dans.laus.no)!

Hallingbu



{(?)}

32%